



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/10305-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.02.2017

Uttale – Fv. 407 – Mindre endring av reguleringsplan m/føresegner – Gnr. 88 bnr. 103 m.fl. – Del av Sæbøtunet – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 16.01.2017 med varsel om mindre endring av reguleringsplan for Sæbøtunet, gnr. 88 bnr 103 i Radøy kommune. Frist for å kome med merknader er sett til 09.02.2017.

Endringa gjeld den del av reguleringsplanen som ligg nord og aust for fylkesveg 407, og gjeld mellom anna bustadfelt B6 og ny avkjørsle til feltet frå fylkesvegen. Tilkomst til feltet er i dag regulert gjennom veg F3.




Fig: Del av gjeldande reguleringsplan Sæbøtunet (2004), Radøy kommune.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Reguleringsplan for Sæbøtunet legg til rette for ei utbetring og forskyving av fv. 407. Denne endringa er ikkje utført og det er uvisst kor tid det er aktuelt å utbetre strekninga. Den regulerte avkøyrsla til felt B6 lar ikkje difor realisere så lenge fylkesvegen ikkje er utbetra.

For å oppnå ei betre avkøyrslse til B6 og ei betre utnytting av feltet er det varsla endring av plan. Statens vegvesen har vore i møte med tiltakshavar under vegs i prosessen.

Eit resultat av dette er at felt B6 nyttar regulert avkøyrslse og tilkomstveg F10 i noverande plan, men at avkøyrslse / veg F10 vert flytta lenger søraust. Dagens avkøyrslse vert stengt og eigedom som nyttar denne får ny tilkomstveg.



Figur: Framlegg til reguleringsendring.

Tilbakemelding til planframlegget:

- §2 *Rekkefølgeføresegner* har satt krav til frisikt i avkøyrslse på 6x60 meter. Vi ber om at frisiktkravet påførast i plankartet. Vi ber om at frisiktkrav og svingradius kjem fram av plankartet for begge avkøyrslene (F3 og F10).
- §6 *Offentleg trafikkområde* nyttar nemninga «vegnormal 017». Vi ber om at dette vert retta opp til «...i høve til Statens vegvesen sin Vegnormal, Handbok N100».
- §9.1.1. Felles føresegner har satt krav til *svingradius på 7,5 i diameter*. Vi meiner dette må bero på ein feil, og er mindre radius enn det vi til vanleg setter i avkøyrslse. Vi går ut i frå at det er meint svingradius på 7,5 meter ($r=7,5$), og diameter 15 meter.
- Vi rår til at areal langs fylkesveg med nemning O3 og som er avgrensa av eigedomsgrensa (ikkje synleg i kart) endrar føremål frå «Annen veggrunn – Tekniske anlegg» (2018) til «Annen veggrunn – grøntareal» (2019).

- § 8.1 Spesialområde frisiktsone ved veg. I tillegg til dagens tekst ber vi om at følgande vert tatt inn: «I frisiktsone skal det ikkje vere noko sikthindrande element over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen»
- Plankartet skal markere «Stengt avkøyrsla» der F10 ligg i dag.

Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som avkøyrslar, må skje i samråd med Statens vegvesen. Før endringa blir vedtatt må det sendast inn tekniske teikningar med plan- og lengdeprofil som syner at avkøyrsla mellom fylkesveg og veg F10 stettar gjeldande tekniske krav i våre handbøker.

Oppsummering:

Vi ber om at våre merknader vert retta opp i plankart og føresegner. Vi ber også om å få sendt over tekniske teikningar til godkjenning før endring av plan vert vedtatt.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER